

Justis- og beredskapsdepartementet
Postboks 8005 Dep
0030 Oslo

Også sendt pr. e-post til postmottak@jd.dep.no

Deres ref.:
201203482 EP PSW/mk

Dok. nr.: 140217

Saksbehandler: Trude Hafslund
th@advokatforeningen.no
T +47 22035061

13.08.2012

Høring – forslag om å trekkje den norske reservasjonen mot FN-konvensjonen 11. april 1980 om kontraktar for internasjonale lausøyrekjøp (CISG) del II om avtaleinngåing

I. Innleiing

Me viser til departementet sitt høyringssskriv av 18. mai 2012, vedrørande høyringa som er nemnd ovanfor.

Det er ei prioritert oppgåve for Advokatforeningen å drive rettspolitisk arbeid gjennom høyringsfråsegner. Advokatforeningen har difor ei rekkje lovutval, inndelt etter fagområde. I lovutvala våre sit advokatar med særskilt kunnskap innan dei aktuelle fagfelt, og kvart lovutval er samansett av advokatar med ulik erfaringsbakgrunn og kompetanse innan fagområdet. Arbeidet i lovutvala er friviljug og uløna.

Advokatforeningen ser det som oppgåva si å vere en uavhengig høyringsinstans med fokus på rettstryggleik, og på kvaliteten i lovgjevnaden det er gjort framlegg om.

I saker som gjeldt advokatar sine rammevilkår, vil samstundes regelendringa også verte vurdert opp mot advokatbransjen sine interesser. Det vil ved desse høva verte gjort greie for at me uttalar oss som ein bransjeorganisasjon som vert omfatta av det aktuelle framlegget, og ikkje som eit uavhengig ekspertorgan. Årsaka til at me sondrar mellom desse rollene, er at me ynskjer å halde fast ved og vidareutvikla den truverda Advokatforeningen har som eit uavhengig og upolitisk ekspertorgan i lovgjevnadsprosessar.

I saka som ligg føre kjem Advokatforeningen med høyringsfråsegna vår som ekspertorgan. Saka er lagt fram for lovutvalet for konkurs, akkord, panterett, tvangsfullbyrdelse og inkasso. Lovutvalet er sett saman av Leif Petter Madsen (leiar), Borgar Høgetveit Berg, Bjørn Åge Hamre, Per Steinhaug Johannessen, Flemming M. Karlsen og Siv Sandvik.

Advokatforeningen kjem med høyringsfråsegn som fyljer:

II. Bakgrunnen for saka

Justis- og beredskapsdepartementet har gjort framlegg om å trekke den norske reservasjonen mot FN-konvensjonen 11. april 1980 om kontraktar for internasjonale lausøyrekjøp (CISG) del II om avtaleinngåing. Høyringsnotatet tek òg opp spørsmålet om på kva måte ein kan gjennomføre konvensjonen del II i norsk rett – og om det i denne samanhengen kan vere aktuelt å sjå nærare på gjennomføringa i norsk rett av heile CISG.

III. Kommenterar til dei einskilde forslaga

Advokatforeningen meiner det er på høg tid å trekkje den norske reservasjonen mot FN-konvensjonen 11. april 1980 om kontraktar for internasjonale lausøyrekjøp (CISG) del II om avtaleinngåing – og støttar difor framlegget om dette. Advokatforeningen viser også til at reservasjonen – grunna dei interlegale reglane som i mange høve vil innebere at framand rett (og med det etter omstenda også CISG del II) gjeld – nok har mindre praktisk konsekvens enn det som kan ha vore lagt til grunn frå nordisk hald. Advokatforeningen støttar vidare framlegget i høyringsnotatet om korleis endringa bør gjennomførast lovteknisk.

Når det gjeld spørsmålet om gjennomføringa i norsk rett av heile CISG, viser Advokatforeningen til den kritikken som har vorte sett fram mot gjennomføringa av CISG i norsk rett, og støttar framlegget om at heile CISG bør vedtakast som norsk lov. Endringa bør gjennomførast lovteknisk som skissert i Alternativ 2.

IV. Avslutning

Advokatforeninga støttar lovframlegget – Alternativ 2 – i høyringsnotatet.

Beste helsing

Erik Keiserud
leiar

Merete Smith
generalsekretær